

Årsrapport 2010



BARNEOMBUDET

Innhald

1. Innleiing.....	2
2. Mål- og resultatoppnåing.....	4
2.1 Vern mot overgrep	4
2.1.1 Merknader til Noreg frå Barnerettskomitéen i FN	4
2.1.2 Vald mot born - også eit ansvar for tannhelsetenesta	4
2.1.3 Born og straff	5
2.1.4 Born i utlendingsforvaltninga	5
2.1.5 Dødsstadsundersøking.....	5
2.2 Betre tilgang til tenestene i samfunnet.....	5
2.2.1 Tilsyn med og tilgang på barnevern.....	5
2.2.2 Born som tolk.....	6
2.2.3 Elevane sitt arbeidsmiljø i skolen	6
2.3 Deltaking og innverknad frå born og unge	7
2.3.1 Stemmerett for 16-åringar ved kommuneval	7
2.3.2 Ungdommens nasjonalforsamling.....	7
2.3.3 Born og unge tek del i eiga sak.....	7
2.3.4 Kunst og kultur som ein rett for born og unge	8
2.4 Viktige høyringssvar i 2010	8
3. Rapportering rekneskap, personalforvaltning med meir	10
3.1 Regnskapsrapportering.....	10
3.2 Anna rapportering.....	11
3.2.1 Personalforvaltning og internkontroll.....	11
3.2.2 Likestilling og arbeid mot diskriminering.....	11
3.2.3 Risikostyring	11
3.2.4 Miljø- og samfunnsansvar i offentlege kjøp	12
3.2.5 Brukarundersøkingar	13
3.2.6 IKT-arkitektur.....	13

1. Innleiing

Det går fram av lov om barneombod at Barneombodet sine overordna oppgåver er å fremje born sine interesser i samfunnet, og følgje med på om lovverket, forvaltinga og rettspraksisen samsvarar med dei pliktene Noreg har etter FNs konvensjon om born sine rettar. Barneombodet skal etter instruks § 8 kvart år rapportere til Barne-, likestillings og inkluderingsdepartementet om verksemda i det føregåande året.

Førespurnader på brev og e-post

På brev og e-post fikk vi i 2010 inn 3258 førespurnader, mens vi sende ut 2155 brev. I alt har vi tatt i mot og ekspedert 5413 brev. Dette er omtrent same nivå som fjoråret.

	2007	2008	2009	2010
Inngående dokument	2549	3245	3403	3258
Utgående brev	1725	2065	2005	2155
Total mengde dokument	4274	5310	5408	5413

Telefonførespurnader

I 2010 kom det inn ca 7100 telefonar til vårt sentralbord. 533 av desse telefonane vart registrert skriftleg og fylgde opp av rådgjevarane våre. Resten fekk eit kort svar eller vart vist vidare til andre instansar. I 2010 la vi inn ein telefonbeskjed på sentralbordet som oppfordrar vaksne privatpersonar om å vende seg skriftleg til Ombodet, anten per brev eller e-post. I tillegg vart dei oppfordra til å søke informasjon på nettsidene våre. Dette har letta presset på kontoret gjennom året. Faktainformasjon og råd på nettsidene vart også kraftig opprusta for å kunne vere til konkret hjelp for publikum.

Klar melding inn

Totalt tal på meldingar i 2010 var 266.

Meldingane fordelte seg på kategoriar på denne måten:

Bilete, internett og media	4
Skole	47
Familie og fritid	85
Helse	14
Psykisk helse	15
Rettar	22
Mobbing	14
Vald og overgrep	17
Venner	10
Barnevernet	21
Andre meldingar	17

2. Mål- og resultatoppnåing

Mål for Barneombodets kontor i 2010 går fram av St. prp. Nr 1 (2009-2010) og handlar om

- vern mot overgrep mot born og unge
- tilgang til tenester for born og unge
- deltaking og påverknad frå born og unge

Måla tar utgangspunkt i grunnprinsippa i barnekonvensjonen om born sine rettar til deltaking og påverknad, vern og tilgang til tenester. Her følgjer ei kort skildring av nokre av delmåla vi har arbeida med og fått gjennomslag for i 2010. For ei meir omfattande skildring av Barneombodet sitt arbeid i 2010, viser vi til årboka frå Barneombodet 2009/2010.

2.1 Vern mot overgrep

2.1.1 Merknader til Noreg frå Barnerettskomitéen i FN

I 2010 har Barneombodet hatt som ei sentral oppgåve å følgje opp rapporteringa til FN sin Barnerettskomité i Genève. Dei avsluttande merknadane frå komiteen vart publisert i januar 2010. Det var vore viktig for Ombodet å bruke merknadene aktivt i arbeidet vårt, og å bidra til at dei blir kjent. Ombodet har også arbeida for at Barne-, likestillings og inkluderingsdepartementet skal leggje til rette for ein god og gjennomsiiktig prosess for oppfølging av merknadene frå FN. Departementet sette i 2010 i gang ein slik prosess etter påtrykk frå mellom andre Barneombodet, Redd Barna og Forum for barnekonvensjonen.

2.1.2 Vald mot born - også eit ansvar for tannhelsetenesta

Barneombodet arbeidar kontinuerlig med å gjere ansvarlege alle miljø som kan bidra til å stanse alle former for vald mot born. Sidan 2006 har Ombodet arbeida inn mot tannhelsa for å understreke kor viktig denne tenesta er med tanke på å styrke sikkerhetsnettet under barndommen, og bidra til å avdekke overgrep eller omsorgssvikt. Barneombodet har i 2010 deltatt på fleire arrangement for tannhelsepersonell, og forsøkt å bidra til at også tannhelsetenesta blir meir bevisst på denne rolla. I tillegg vende Ombodet seg til Helse- og omsorgsdepartementet med bekymringa og etterlyste blant anna dette:

- retningslinjer, rettleingar og rutinar med klare føringar om kva tannhelsetenesta skal sjå etter, og korleis dei skal gå fram når dei mistenker omsorgssvikt eller overgrep
- eit forplikta tverrfagleg samarbeid mellom kommunale tenester
- like tannhelsetilbod uavhengig av kor ein bur i landet
- oppfølgingsrutinar når born ikkje møter til opp til tannlegetimar

Departementet tok innspela på alvor, og både Helsedirektoratet og ulike fylkeskommunar har sett i verk tiltak for at tenesta skal bli ytterligare bevisst sitt ansvar. Fleire fylkeskommunar har etablert samarbeidsavtaler mellom barnevern og tannlegar på fylkeskommunalt nivå.

2.1.3 Born og straff

I 2010 har Barneombodet gjennomført fleire ekspertmøte med born som har vore i politiarrest. Fleire av borna rapporterte blant anna om dårlige tilhøve i arresten og lite informasjon om kor lenge dei måtte bli der. Ombodet gjorde i tillegg ei undersøking blant alle politidistrikta i landet. Denne avdekka svært varierende praksis når det gjeld bruk av politiarrest for born. Informasjonen frå ekspertgruppa og resultat frå undersøkinga vart brukt i eit brev til justisminister Knut Storberget. Barneombodet bad om at våre anbefalingar om born i politiarrest skulle bli tekne til følge. Statssekretær Astri Aas-Hansen i Justis- og politidepartementet bekrefta i et møte i september 2010 at departementet kom til å gje politiet instruks om å følge anbefalingane frå Barneombodet.

2.1.4 Born i utlendingsforvaltninga

På utlendingsfeltet har Barneombodet sitt fokus i 2010 i stor grad vore retta mot einslege mindreårige asylsøkjjarar og deira omsorgssituasjon. Ombodet har tatt opp spørsmål knytt til tilbod om bustad, aldersvurdering og skole- og fritidstilbod.

I 2009 innførte regjeringa fleire tiltak for å avgrense asyltilstrømminga til Noreg. Eit av desse tiltaka var moglegheit for avgrensa opphaldsløyve for einslege mindreårige asylsøkjjarar over 16 år. Dette gjeld for dei som ikkje har reelt vernebehov, men som ikkje kan returnerast på grunn av at ein ikkje kan finne eigna omsorgspersonar i heimlandet. Barneombodet har frå starten av vore svært kritisk til dette tiltaket av fleire ulike årsaker.

Barneombodet besøkte einslege mindreårige asylsøkjjarar med slike avgrensa løyver på Salhus mottak utanfor Bergen i 2010. Etter dette besøket tok vi oppatt bekymringa vår i eit brev til Justisdepartementet. I tillegg tok Barneombodet vidare ungdommane sine skildringar av liv "på vent" som ikkje motiverar til retur, slik føremålet med tiltaket var frå styresmaktene si side. Tilbodet ved Salhus mottak vart evaluert i slutten av 2010, og er no vedtatt nedlagt.

2.1.5 Dødsstadsundersøking

Barnevern for dei aller minste har også i 2010 vore eit sentralt område for Barneombodet. Vi har vore engasjert i arbeidet for at det skal innførast obligatoriske, rutineundersøkingar av dødsstaden når sped- og småborn dør brått og uventa. Det er no foreslått å innføre ei etterforskningsplikt, noko som delvis oppfyllar Barneombodet sine ønsker.

2.2 Betre tilgang til tenestene i samfunnet

2.2.1 Tilsyn med og tilgang på barnevern

Barneombodet tar imot ei rekkje førespurnader om born som er i kontakt med barnevernet og som ikkje får det tilbodet dei har krav på. Barnevernet grip for seint inn, born må vente på tiltak, eller dei får ikkje den tilpassa hjelpa som kunne ha gjort situasjonen betre for dei. Desse førespurnadene i tillegg til resultat frå forskning, undersøkingar og tilsynsrapportar gjer at Barneombodet er bekymra for tilbodet til born som blir utsette for omsorgssvikt.

Barneombodet gjennomførte derfor i 2010 eit prosjekt om korleis tilsyns- og klagesystemet kontrollerer at barnevernet tar hand om born og unge sine rettar. Prosjektet fokuserte særleg på om tilsynet ved fylkesmannsembeta sikrar at barnevernet følgjer opp sine forpliktingar etter barnevernlova og barnekonvensjonen. Rapporten frå prosjektet "Makteslaust tilsyn. Tilsyns- og klagesystemet i barnevernet" viser at dei manglar og avvik som tilsyna til fylkesmennene avdekker, ikkje nødvendigvis vert retta opp i etterkant. Når verkemiddel som rettleiing eller pålegg om å rette opp avvika ikkje fungerer, anbefalar Barneombodet at fylkesmennene bør nytte seg av bøtelegging i større grad enn det vert gjort i dag. Fylkesmennene bør også ha anledning til å ha fleire eigeninitierte tilsyn der dei ser på innhaldet, kvaliteten og tilgjengelegheita i barnevernet.

Barneombodet har ofte uttrykt behovet for eit meir robust barnevern, og er dermed svært tilfreds med at regjeringa innsåg alvoret i situasjonen og tilførte 240 millionar ekstra til tenesta i 2010. Ombodet er spesielt nøgd med at midlane vart øyremerka stillingar, slik at kommunane ikkje kunne velje å bruke pengane til andre formål. Vi ser likevel framleis med bekymring at nokre barnevernkontor er for små, med problem knytt til fleksibilitet, habilitet og fagmiljø. Det gjenstår også framleis eit arbeid for å få gjennomført Barneombodet sine anbefalingar om rolla og mandatet til tilsynet.

2.2.2 Born som tolk

Barneombodet ser store utfordringar på tolkefeltet i Noreg. Ombodet fryktar at delar av befolkninga som ikkje beherskar norsk får eit utilstrekkelig tilbod frå det offentlege. Utilstrekkelige tolketenester råkar born både ved at born blir brukte tolk, og ved at tolketenesta i saker der born er involvert ikkje er god nok.

Barneombodet har fokusert på to tilhøve som bør takast betre vare på. Det eine er korleis ein hindrar at born blir brukte som tolk. Det andre er korleis ein sikrar god tilgang til tolk i saker som involverer born. Barneombodet har vendt seg til Barne-, likestillings og inkluderingsdepartementet med eit ønske om at det blir innført eit forbod mot å bruke born som tolk i offentleg sektor. Ombodet ser at det kan vere grunnar til å gjere unntak i nødssituasjonar, men meiner at hovudregelen bør vere eit klart forbod. Dette vil hindre at born vert sette i situasjonar der dei får tilgang til informasjon dei ikkje burde hatt av omsyn til alder, forhold mellom foreldre og born og barnet sitt behov for vern. Departementet stilte seg positiv til å vurdere innføring av eit forbod mot å bruke born som tolk, og Barneombodet vil følgje tolkefeltet også i 2011.

2.2.3 Elevane sitt arbeidsmiljø i skolen

Barneombodet publiserte i 2009 ein rapport om tilsyns- og klagesystemet i skolen, der det særleg vart retta søkelys mot manglande oppfølging av det psykososiale miljøet i skolen, og dei rettane elevar har etter opplæringslova kapittel 9a. Derfor er vi glade for at Utdanningsdirektoratet i 2010 valde å gjennomføre tilsyn med det psykososiale miljøet ved norske skolar.

2.3 Deltaking og innverknad frå born og unge

Barneombodet vil bidra til at born og unge på sitt eige vis skal få ta del i avgjerdsprosessar som vedkjem dei. Målet er at born og unge på ein naturleg måte blir involverte i private, lokale og nasjonale avgjerdsprosessar.

2.3.1 Stemmerett for 16-åringar ved kommuneval

Sida 2007 har Barneombodet jobba intensivt for at det skal bli gjennomført forsøk med stemmerett for 16-åringar ved kommuneval. Regjeringa gjekk i 2008 inn for dette, og i 2009 vart det endelig vedtatt i Stortinget at ein skulle gjennomføre forsøk ved kommunevalet i 2011. 20 kommunar og Longyearbyen er tatt ut til å delta i forsøket.

Barneombodets arbeid knytt til å gi stemmerett til 16-åringar har halde fram i 2010. Ombodet har hatt oppsyn med og har kontinuerlig bidrege i arbeidet med at valet for 16-og 17-åringane skal bli best mogleg i september 2011. Ombodet gjennomfører i 2011 ein omfattande turné til dei fleste av forsøkskommunane for å motivere kommuneleiinga og ungdommane til å gjennomføre eit godt val.

2.3.2 Ungdommens nasjonalforsamling

Barneombodet får ofte innspel om at det er behov for ein arena der unge kan ta opp saker som er viktige nasjonalt. På Ungdommens Bystyremøte i Oslo 2010, vedtok ungdommane i Oslo at dei ønskte ei "Ungdommens nasjonalforsamling".

Barneombodet og Barne- og ungdomsrådet i Oslo (BURO) , som arrangerer Ungdommens bystyremøte, har opplevd at det er vanskelig å få gjennomslag for å etablere medverknadsorgan for ungdom. Barneombodet og BURO tok derfor saman initiativ til å arrangere eit forsøk med ei Ungdommens nasjonalforsamling i 2010.

Pilotprosjektet Ungdommens nasjonalforsamling 2010 vart halde i Oslo og på Eidsvoll frå 19. til 21. september. To ungdommar mellom 13 og 18 år frå kvart fylke vart invitert for å bli einige om fem viktige saker for norsk ungdom. Målet var at sakene skulle bli diskutert og sett på dagsordenen av politikarar på Stortinget og i regjeringa.

Alle vedtak, erfaringar, metodar, tips og råd frå pilotprosjektet vart samla i ein rapport. I rapporten, som vart overrekt til leiaren for utvalet "Ungdommens maktutredning" i mars 2011, viser Barneombodet og BURO korleis ein slik samling kan gjennomførast i framtida, då forhåpentlegvis under offentleg organisering.

Barneombodet er glad for at dette utvalet blei sett ned i 2010. Ombodet sende i 2009 ei oppfordring om nettopp eit slikt utval som kunne kartleggje dei unge si samfunnsdeltaking, foreslå endringar og leggje grunnlaget for ein heilskapleg ungdomspolitikkk.

2.3.3 Born og unge tek del i eiga sak

Barneombodet hadde i 2010 spesielt fokus på born sin rett til å bli høyrd i barnevernet. Alle dei samtalanane vi har hatt med born og unge som har vore i kontakt med barnevernet har gitt oss eit klart bilde av at barnevernet i liten grad snakkar med born, i alle fall ikkje

utan at foreldra er til stades. Barneombodet tok derfor dette opp med Helsetilsynet i 2010, ettersom Helsetilsynet no har overtatt ansvaret for landsomfattande tilsyn for barnevernet. Det er derfor gledeleg for Barneombodet å sjå at Helsetilsynet sitt nasjonale tilsyn med barnevernet for 2011 har valt å føre tilsyn med om barneverntenestene i kommunane oppfyller born sin rett til å bli høyrd.

2.3.4 Kunst og kultur som ein rett for born og unge

Barneombodet sit med inntrykket av at kunst- og kulturfeltet for barn er fragmentert, og at det manglar en heilskapleg tanke. Med bakgrunn i innspel til Barneombodet frå personar som arbeidar med kunstproduksjon og formidling for born, sende Barneombodet i april 2010 eit brev til kulturminister Anniken Huitfeldt, med fleire formulerte problemstillingar som Barneombodet ønskte at Kulturministeren skulle sjå nærmare på.

Hovudutfordringa i Ombodet sitt brev var eit ønske om ei større offentleg utgreiing om kunst- og kulturfeltet for barn og unge. I mars 2011 annonserte statsråden at ho har sett ned eit utval som skal sjå på utviklinga på kulturfeltet i Noreg. Barneombodet vil følgje med på at barneperspektivet vert ivaretatt i utvalet sitt arbeid fram mot utgangen av 2012.

2.4 Viktige høyrings svar i 2010

Barneombodet svarar kvart år på ei rekkje høyringar. Under har vi presentert kort dei viktigaste høyringsinnspela frå Barneombodet i 2010.

NOU 2010:7 Mangfald og meistring. Fleirspråklege born, unge og vaksne i opplærings systemet.

Barneombodet støtta utvalet si vurdering av behovet for tydelege retningslinjer for korleis opplæringa for nykomne minoritetsspråklege born vert organisert, og at det bør bli utarbeida ein rettleiar for dette.

Barneombodet støtta også utvalet sitt forslag om at det vert utarbeida ein rettleiar om foreldresamarbeid for barnehagar og skolar som tar for seg særlege utfordringar – samt forslag til tiltak – når det gjelder fleirspråklege foreldre.

Barneombodet støtta utvalet sitt forslag om kompetanseheving blant lærarar, skoleleiarar, PPT og anna hjelpe teneste, for å få kartlagt born sine spesielle behov, språkvanskar, lese-, skrive- eller matematikkvanskar og forhold som er knytt til traumatiske opplevingar gjennom vald, krig og flukt. Dette er forhold som kan handterast i skolen dersom ein er merksam på dei. I dette arbeidet vil særleg skolehelsetenesta vere viktig, og dei må derfor også få tilstrekkeleg kompetanse.

Forslag om gjennomføring av Returdirektivet i norsk rett (forslag til endringar i utlendingslova)

Barneombodet stilte seg i utgangspunktet positiv til ei innføring av reglar i norsk rett som sikrar føreseielege prosedyrar når det gjeld avgjersler om retur av tredjelandsborgarar, moglegheit for frivillig retur og rettshjelp i forbindelse med returvedtak. Barneombodet meinte at ein periode for frivillig retur på mellom 7 og 30 dagar kan vere kort i enkelte livssituasjonar, og at det ved fastsetting av fristen bør

takast tilbørleg omsyn til den enkelte sin livssituasjon slik at det reelt blir mogleg å halde fristen.

Barneombodet understreka også at ei utvising, sjølv ei avgrensa utvisning på to eller fem år, har svært store konsekvensar for born. Ombodet såg det som positivt at Stortinget har sendt signal om ei oppmjuking i forhold til praktisering av reglane til fordel for born. Ombodet går ut frå at dette blir følgd opp i både regelverk og praksis. Det synest likevel uklart korleis det nye regelverket vil påverke denne føringa. Ombodet peika på at utvisning får dei same konsekvensane for barnet, uansett bakgrunnen for utvisninga, og barnets beste bør vere det klart førande omsynet i tråd med FNs barnekonvensjon artikkel 3.

Forslag til lovendring og forskriftsavgjersler om unntak frå teieplikt og opplysningsplikt for tilsette ved mottak og omsorgssenter

Barneombodet støtta ikkje forslaget om unntak frå teieplikt for tilsette i mottak, og var svært kritisk til forslaget som var sett fram. Barneombodet meinte at forslaget var problematisk i forhold til fleire artiklar i barnekonvensjonen, i tillegg til at det er i strid med grunnprinsipp i både forvaltningslova og barnevernlova.

Ombodet meinte at ei eventuell endring heller bør ta med privat drivne mottak i verknadsområdet til forvaltningslova, ettersom dei vert drivne på vegne av offentlege styresmakter, slik at også tilsette i private mottak vert underlagt teieplikt.

Forslag om endringar i gravferdsloven og kyrkjelova

Barneombodet støtta forslaget frå departementet om å senke alderen for born sin rett til å bli høyrd i forbindelse med kyrkjeleg tilhøyrsløp, men oppfordra departementet til også å endre 18-årsgrensa for automatisk utmelding til 15 år.

Barneombodet støtta også departementets forslag om å innføre heimel for innhenting av politiattest i Den norske kyrkja.

Born som kan vere ofre for menneskehandel – tilgang til midlertidig plassering utan samtykke på institusjon for vern og omsorg (forslag til endring i barnevernlova).

Barneombodet var positiv til at det vert opna for plassering av born på institusjon utan samtykke i dei tilfella der det er fare for at born vert utnytta til menneskehandel. Det er likevel ei rekkje utfordringar knytt til arbeidet med denne gruppa born. Born som vert utsett for menneskehandel må få eit tilbod om barnevern og ettervern som er likeverdig med andre born som er i kontakt med barnevernet. Ombodet hadde derfor merknader til fleire av punkta i den endringa som vart foreslått, deriblant lengda på opphaldet, vektlegging av politiet sine vurderingar, barnet sin moglegheit til plassering når det nærmar seg 18 år og samordning av tenester for de utsette borna.

Utkast til LAR-retningslinjer og LAR-forskrift

Barneombodet ønskte forskrift og retningslinjer for LAR (Legemiddelassistert rehabilitering) velkommen, og hadde ingen kommentarar til den medisinske behandlinga. Ombodet var likevel kritisk til at omsorga for, og fokus på, born og unge som pårørande ikkje var ivaretatt. Barneombodet uttrykte ei generell bekymring for dei gravide i behandling, og dei borna som blir fødde med abstinensar. Det er grunn til å tru at det er mange born og unge som har foreldre i LAR-behandling, og Ombodet spelte inn at det er behov for retningslinjer som også handlar om oppfølgingstiltak for familiar

med born i skolealder, i tillegg til den retningslina som er under arbeid for gravide og born før skolealder.

Handlingsplan for habilitering av born og unge

Barneombodet var positiv til handlingsplanen for habilitering av born og unge. Håpet er at denne vil kunne bidra til eit likeverdig tilbod til born som treng habilitering. Sjølv om handlingsplanen er meint å gjelde for helse- og omsorgstenestene i kommunane, fylkeskommunane og spesialisthelsetenesta, skulle vi likevel ønskt at planen integrerer tiltak for dei andre sektorane sine ansvarsområde. Det er ønskeleg fordi vi veit det ofte er vanskeleg å få dei ulike tenestene til å samarbeide om born med store hjelpebehov.

Barneombodet hadde ingen innvendingar mot dei tiltaka som var foreslått, men skreiv i høyringssvaret at tiltaka bør bli meir konkrete med ein tydelig ansvars- og tidsplan. Det vil vere uheldig om tiltak ikkje vert implementert på grunn av manglande forplikting til å følge dei opp.

NOU 2010:5 «Aktiv deltaking, likeverd og inkludering – eit heilskapleg hjelpemiddeltilbod»

Barneombodet støtta ikkje forslaget om at hjelpemidlar som krev integrering i den praktiske og pedagogiske samanhengen blir overført til opplæringsstyresmaktene i kommunen. Ombodet meiner at denne retten framleis skal vere forankra i folketrygda. Retten til hjelpemidlar skal ikkje vere avhengig av geografi og kommunane sin økonomi og prioriteringar. Barnehagar og skolar skal ikkje måtte konkurrere med andre gode kommunale formål for å kunne gi borna ei så likeverdig utvikling som mogleg.

Internasjonal rapportering

I 2010 leverte Barneombodet også skriftleg bidrag til Senter for menneskerettar sin supplerande rapport på FNs konvensjon om sivile og politiske rettar. Det er viktig for Barneombodet å bidra til at barneperspektivet blir ivaretatt i internasjonale rapporteringar ut over rapportering på barnekonvensjonen.

3. Rapportering rekneskap, personalforvaltning med meir

3.1 Regnskapsrapportering

Regnskap	2008	2009	2010
Lønns- og personalkostnader	6 568 000	7 118 000	9 026 000
Maskiner, inventar, utstyr	474 000	123 000	465 000
Forbruksmateriell	186 000	358 000	447 000
Reiser, representasjon	477 000	761 000	756 000
Kontortenester	1 134 000	1 141 000	1 323 000
Informasjon	265 000	309 000	522 000
Bygningsdrift/lokalleie	1 241 000	1 412 000	1 515 000
Sum	10 345 000	11 223 000	14 054 000

3.2 Anna rapportering

3.2.1 Personalforvaltning og internkontroll

Ved utgangen av 2010 utgjorde staben hos Barneombodet 20 personar, inkludert Ombodet. Av desse var 4 vikarar. Tre tilsette var i permisjon.

Kjønnsfordeling på kontoret ved utgangen av 2010 var 14 kvinner og 6 menn. Ved nyrekruttering/tilsetting i vikariat har det vore lagt vekt på å få til ei jamnare kjønnsfordeling ved kontoret. Det har vidare vore eit klart uttrykt ønske om å rekruttere personar med innvandrarakgrunn, og ein av våre faste tilsette har innvandrarakgrunn.

Barneombodet er etablert som IA-bedrift, og vi har sett kor viktig enkelte av tiltaka i avtalen er når det gjeld å få til ei systematisk og kontinuerlig oppfølging av dei av personalet som i periodar har nedsett arbeidsevne.

Dei faste husmøta for tilsette tar opp ei rekkje sider knytt til arbeidstilhøva ved kontoret. Saker som ein ønskjer å ta opp med leiinga, blir meldt skriftleg av verneombodet og handsama på leiarmøtet. For å halde det ryddig og å kunne dokumentere kvar som er gjort i ettertid, blir svaret også gitt skriftleg.

For å sikre betre styring av kontoret sine faglege aktivitetar er leiargruppa utvida med ein person, som har eit hovudansvar for å styre utvikling og oppfølging av verksemdsplanane på kontoret.

All personalinformasjon; lover, regelverk, interne avtalar og dokument, verksemdsplanar, instruksar, HMS-mappe osv er samla i ein elektronisk portal, Compendia. Denne portalen er under kontinuerlig utvikling, og gjev ein nyttig felles referanseplattform for leiinga og arbeidstakarane.

3.2.2 Likestilling og arbeid mot diskriminering


Likestillingslova, diskrimineringslova og tilgjengelegheitslova stiller krav til kontinuerlig oppfølging. Når det gjeld arbeid for universell utforming har Ombodet enno eit stykke veg å gå. Kontorlokala vi disponerer i dag tar ikkje tilstrekkeleg omsyn til lovkrava. Ein grunn til at rehabiliteringsarbeid ikkje er sett i gang, er at kontrakten for dei noverande lokala våre snart går ut, og vi er på marknaden etter nye lokale. I kravspesifikasjonen på nye kontorlokale er det tatt nødvendig omsyn til tilgjengelegheitslova, så dette kravet vil sannsynlegvis vere oppfylt i løpet av dette året.

3.2.3 Risikostyring

Barneombodet har gjennom styrkinga av leiargruppa med ein fagkoordinator lagt vekt på også å styrke risikostyringa. Det blir lagt ned eit betydelig arbeid med verksemdsplanlegging for kontoret. På bakgrunn av ein felles verksemdsplan for Ombodet utviklar alle tilsette sine eigne individuelle planar i samarbeid med leiinga. Fagkoordinatoren følgjer opp dei individuelle verksemdsplanane med den enkelte arbeidstakar, og i fellesskap gjer dei ei oppdatering av sentrale områder i verksemdsplanen med utgangspunkt i skjema for risikovurdering. (sjå under). Gjennom dette blir planane justert slik at kontoret sitt samla arbeid i størst mulig grad er mogleg

å gjennomføre, og at ein sikrar optimal måloppnåing. Planane vert revidert på eit møte kvart halvår, der risikovurderinga er sentral i diskusjonen.

I denne prosessen vert sentrale aktivitetar og mål vurdert opp mot risikomatrisa og kritiske faktorar analysert. I fellesskap blir det utvikla tiltak som vil kunne bevege aktivitetane frå eit eventuelt kritisk risikoområde til et lågare nivå. Dersom dette ikkje er mogleg, vil vi kunne ta ei avgjersle om enten å akseptere risikonivået, endre målformuleringane eller avvikle aktiviteten for så å kunne omdisponere ressursane til andre aktivitetar.



Vi ser det slik at arbeidet med risikovurdering no er på plass i den forstand at det er integrert i planarbeidet, og blir gjennomført som ein systematisk prosess, ikkje berre i samband med verksemdsplanlegging og oppfølging, men også når det gjeld utvikling og gjennomføring av dei større prosjekta som blir sett i gang ved kontoret.

3.2.4 Miljø- og samfunnsansvar i offentlege kjøp

Barneombudet leier kontorlokale av OBOS. Huseigaren arbeider systematisk med energisparing og temperaturstyring. Det følgjer vi opp ved å slå av lys, PC-skjermar og PC-ar når arbeidstida er slutt.

Alt avfall som blir produsert på kontoret går gjennom kjeldesortering. Tonarar til skrivarar og kopimaskiner likeeins. Vi arbeider mellom anna også for å gå heilt over til innkjøp av Fair Trade kaffi til servering på møter og for tilsette.

Gjennom systematisk arbeid ønskjer vi gradvis å trappe ned papirbasert saksbehandling ved å utnytte alle moglegheiter for elektronisk saksbehandling som ligg journal- og sakshandsamingssystemet vårt. Dette vil redusere forbruket av papir ved kontoret kraftig. Arbeidet er godt i gang, og blir vidareført med tanke på å få til ei kulturendring blant dei tilsette.

3.2.5 Brukarundersøkingar

Innanfor dei økonomiske rammer for i år har vi ikkje funne plass til å gjennomføre større brukarundersøkingar. Gjennom bl.a. Synnovate har Ombodet fått tilbod om å delta i ei større barne- og ungdomsundersøking, men etter ei nøktern kost-nyttevurdering har vi valt ikkje å investere i dette.

Det er likevel blitt gjennomført to større eksterne omdømmeundersøkingar av offentlege verksemder i 2010 der Barneombudet har scora gledeleg høgt. I den eine var Ombodet på tredjeplass, etter Forbrukarrådet og Forbrukarombodet, og i den andre var vi oppe blant dei ti beste. Desse undersøkingane har gitt oss ein god peikepinn på at vi er godt likt og respektert i samfunnet, og vi har tatt dette som eit teikn på at brukarane er tilfreds med Ombodet sitt arbeid.

Det er viktig for Barneombudet å kommunisere direkte med born og unge for å gjere Barneombudet kjent blant born. Utbreiinga i bruk av sosiale plattformer har opna nye moglegheiter for dialog mellom offentlege verksemder og innbyggjarane. I tråd med kommunikasjonspolitikken i staten har Barneombudet i 2010 satsa på sosiale medium som ein ny måte å kommunisere på, og då særleg med born og unge. Denne satsinga er først og fremst motivert av eit ønske om å styrke dialogen med ungdomsbefolkninga, men gjennom deltaking i sosiale medium vil Barneombudet også få direkte synspunkt frå ungdom på arbeidet vi gjer.

Barneombudet har tatt klare kanalval i vurderinga av kva sosiale plattformer det vil vere lurt å satse på. Vi har lagt vekt på å utvikle nærværet vårt på dei tenesta som er mest populære i Noreg i 2010, nemlig facebook og twitter.

3.2.6 IKT-arkitektur

Det er ikkje gjennomført nokre vesentlege endringar i kontoret sin grunnleggjande IKT-arkitektur i 2010. Vi arbeidar likevel med nye nettløysingar og format for www.barneombudet.no. Dette arbeidet vert planlagt og gjennomført i tråd med retningslinjene frå Difi.